

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	TI - &22, FA - M21	17/716

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Investering knytt til ny sjøleidning mellom Duesund og Masfjordnes

Vedlegg:

Journalposttittel
401

Dato
31.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 2.400.000,- eks. mva. til legging av ny sjøleidning mellom Duesund og Sandnes.

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert med låneopptak.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

I samband med arbeidet med å leggja ut ny sjøleidning mellom Andvik og Mollandseid sommaren 2016 vart det gjort ei ROV undersøking av sjøleidningane mellom Sandnes og Duesund. Grunnen til dette var at det var oppdaga stor lekkasje i den eine leidningen, og ein ønskte å sjå nærmare på sjøleidningane. Det vart då oppdaga stor fare for lekkasje langs flenseskøyter i den andre leidningen, og etter drøftingar med føretaket Cowi med fleire vart det konkludert med at det snarleg må leggjast ny sjøleidning mellom Duesund og Sandnes, før det skjer eit vassleidningsbrot ute i fjorden.

Kommunestyret handsama dokumentet «Risiko- og sårbarheitsanalyse for vassforsyninga i Masfjorden kommune» i sak 015/17 den 04.05.2017, og i handlingsplanen til dette dokumentet er tiltaket ny sjøleidning mellom Duesund til Sandnes vurdert som det første og viktigaste, for å redusere risikoen for ei uønska hending knytt til vassforsyninga i Masfjorden.

Kommunen har i vinter engasjert føretaket Cowi til å laga tilbodsokument m.v. og få dette lagt ut på Doffin. I samband med dette arbeidet vart det gjort dykkarundersøkingar, og denne viste to

alternativ for kor leidningen kan leggjast. Teksten nedunder viser utdrag av denne:

«Traseundersøkelse

Undersøkelsen er utført med Olex-kart system og ekkolodd.

Ut frå Sandnes er det sandbotn ned til vel 20 meters djupne. Der er det eit ca 10 meters bratt fjellkant. Denne kanten går langs Sandnes og ser ut til å vera minst høg der ein har teikna inn traseen. Vidare nordover ser det ut til å vera fin botn å leggja leidningen på. Det er parti med avrunda fjell og områder med mudder mellom. Opp til Duesund frå ca 80 meters djupne, er det ein smal litt svingete dal ein må treffa. På begge sider er det bratt fjell. Inn til grøfta må ein leggja leidningen lenger mot vest og nord en dei eksisterande leidningane for å unngå fjellpartiet leidningane ligg på no. Her vil ein måtta kryssa dei eksisterande leidningane.»

Alternativ 1

Dette er den kortaste traseen og tilnærma som dei eksisterande leidningane ligg. Største djupne som vart registrert i traseen er her 112 meter. Horisontal lengde frå punkt 2 ved Sandnes til punkt 3 ved Duesund, er 1550 meter.

Alternativ 2

På grunn av at det vart observert 3 stk fortøyningar frå oppdrettsanlegget, som ligg på vestsida av traseen, vart det sjekka om det går å leggja den nye leidningen på austsida av anker/lodd på fortøyningane for å unngå same situasjon med anker/lodd i konflikt med ny sjøleidning. Det ser ut til å vera grei botn å leggja leidningen på, men denne traseen er ca 150 meter lenger en alternativ 1 og det vert eit lite høgbrekk på leidningen. Største djupne som vart registrert i traseen var 110 meter. Horisontal lengde frå punkt 2 ved Sandnes til punkt 3 ved Duesund, er 1700 meter.

Dei to alternative traseane er vorte drøfta med Cowi, og konklusjonen er at det er føremålsteneleg å gå for alternativ 1 i utgangspunktet. Tilbodet opnar likevel for opsjon på at kommunen kan velja alternativ 2 om naudsynt. Vedlagde kartteikning viser traseane. Dimensjonering er Ø160 mm og leidningen er av type PE100.

Det var tilbodsopning den 23. mai 2017 og det var då kome inn tilbod frå tre føretak. Cowi og kommunen heldt no på å kvalitetsikra tilboda. Det er mest sannsynleg at kostnaden med etableringa av ny sjøleidning med tilknytning landkummar kjem til å verta rundt krone 2,1 million eks mva. I tillegg kjem kostnadane med dykkarundersøkingar, botnkartlegging og konsulentarbeid. Det siste vert stipulert til ca krone 250.000,-. Kostnaden med prosjektering og arbeidet med ny sjøleidning mellom Duesund og Sandnes vil difor kunna koma på rundt krone 2.400.000,- eks. mva. når ein reknar inn uforutsette kostnader i prosjektet.

Planlagt byggjestart er september 2017, og dette vil verta avklart i samband med kontraktsforhandlingar som venteleg vil skje før sommarferien.

Vurdering:

Rådmannen vil vise til faktaopplysningane ovanfor og meiner det er heilt påkrevd å ta denne investeringa i 2017. Tiltaket og kommunal finansieringsdel må finansierast med låneopptak sidna det ikkje er avsett midlar på investeringsbudsjettet.

I medhald av reglement for investeringsprosjekt i Masfjorden kommune vil rådmannen så snart

vedtak er fatta i kommunestyret oppnemna ei prosjektgruppe med prosjektleiar og ei administrativ styringsgruppe.

Ventleg kan prosjektet starta opp i månadskiftet august/september, men framdrifta vil vera avhengig av produksjonstida til leidningen og kapasiteten hjå tilbydar.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil krone 2.400.000,- til etablering av ny sjøleidning mellom Duesund og Sandnes. Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert med låneopptak.

Formannskapet - 060/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 2.400.000,- eks. mva. til legging av ny sjøleidning mellom Duesund og Sandnes.

Tiltaket og kommunal finansieringsdel vert finansiert med låneopptak.